

Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF

Tid: 05.10.2011
Møtestad: Helse Vest RHF Stavanger

Styremøtet var ope for publikum og presse

Deltakarar frå styret

Oddvard Nilsen	Styreleiar
Aud Berit Alsaker Haynes	Nestleiar
Ohene Aboagye	Medlem
Tom Guldhav	Medlem
Gerd Dvergsdal	Medlem
Gisle Handeland	Medlem
Torill Selsvold Nyborg	Medlem
Gro Skartveit	Medlem
Gunnar Berge	Medlem
Kjartan Longva	Medlem
Lise Karin Strømme	Medlem
Aslaug Husa	Medlem
Reidun Nyborg Johansen	Medlem

Forfall frå styret

Deltakarar frå administrasjonen

Administrerende direktør Herlof Nilssen
Kommunikasjonsdirektør Bente Aae
Fagdirektør Baard-Christian Schem
Eigardirektør Ivar Eriksen
Økonomi- og finansdirektør Per Karlsen
Personal- og organisasjonsdirektør Hilde Christiansen
Torunn Nilsen referent

Ope del Sakliste

B 099/11	Godkjenning av innkalling og dagsorden
B 100/11	Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 07.09.2011
O 101/11	Administrerende direktør si orientering
B 102/11	Rapportering frå verksemda per august 2011
B 103/11	Tildeling av internt lån til Helse Stavanger for kjøp av medisinsk teknisk utstyr
B 104/11	2. tertial rapportering på krav i protokoll frå føretaksmøte og krav i oppdragsdokument 2011
B 105/11	Risikovurdering i Helse Vest per 2. tertial 2011
B 106/11	Status egne læreplassar i helseføretaka
B 107/11	Omgjering av hjelpepleiar-/helsefagarbeidarstillingar
B 108/11	Val av styremedlemmer til styra i helseføretaka - oppnemning av arbeidsutval, prosess og føringar for val av representantar
B 109/11	Samhandlingsreforma – høyring, forslag til forskriftsendringar og nye forskrifter
B 110/11	Etablering av nasjonal kjernejournal - høyring
111/11	Eventuelt
B 113/11	Høyring - utkast til forskrift om innsamling og behandling av helseopplysningar i nasjonalt register over hjarte- og karlidingar

Lukka del

B 112/11	Vurdering av administrerende direktør og regulering av løn
----------	--

B 099/11 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Oppsummering:

Forfall:

Det var ikkje meldt forfall til møtet.

Nye saker på saklista:

Styreleiar orienterte om at det var ettersendt 1 styresak i tillegg til utsendt sakliste:

Sak 113/11 B Høyring - utkast til forskrift om innsamling og behandling av helseopplysningar i nasjonalt register over hjarte- og karlidingar

Styreleiar orienterte om at følgjande dokument var delt ut i møtet:

Til skriv og meldingar:

- Høyring – "Evaluering av satsing på behovsdrevet innovasjon og næringsutvikling i helsesektoren" – felles høyringsuttale frå alle RHF
- Brev frå Helsetilsynet i Sogn og Fjordane til Helse Vest RHF, dagsett 210990 – "Tilhøva ved ungdomspsykiatrisk avdeling (UPH) i Helse Førde"
- Brev frå Helse Vest RHF til Helsetilsynet i Hordaland, dagsett 300911 – "Tilsyn med Helse Vest RHF – rett til nødvendig helsehjelp – psykisk helsevern for barn og unge"

Lukka del:

Styreleiar orienterte om at møtet blir lukka under behandlinga av sak 112/11 B Vurdering av administrerande direktør og regulering av løn, med heimel i Offentleglova § 14, 1. ledd

Eventuelt:

Suppleringsval av styremedlemmer til styra i helseføretaka jf sak 091/11 B (ON)
Mediaoppslag om tilsette i Helse Stavanger som ikkje har arbeids- og opphaldstillatelse i Noreg (GB)

Vedtak (samrøystes):

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

B 100/11 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 07.09.2011**Vedtak (samrøystes):**

Styret godkjende og underteikna protokollen frå styremøte 07.09.2011

O 101/11 Administrerande direktør si orientering

- 1 Oversikt over tilsynssaker i perioden 19. august til 10. september i Helse Vest**
Administrasjonen viste til utsendt notat.
- 2 Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav i perioden 20.08.11 - 18.09.11**
Administrasjonen viste til utsendt notat.
- 3 Oversikt over aktuelle høyringar per 18. september 2011**
Administrasjonen viste til utsendt notat.

Høyring – "Evalueringsplan for satsing på behovsdrivet innovasjon og næringsutvikling i helsesektoren" – felles høyringsuttale frå alle RHF var delt ut i møtet

Vedtak (samrøystes):

Styret tok meldingane til orientering.

B 102/11 Rapportering frå verksemda per august 2011**Oppsummering:**

Ventetidsutviklinga per august 2011 syner at ventetidene har gått opp både for behandla pasientar og for ventande i samband med feireavviklinga, når ein ser på alle fagområda samla. Basert på historikk er dette ei forventa utvikling. Den gjennomsnittlege ventetida for alle som starta behandling i august var 78 dagar, medan ventetida for dei som framleis venta ved utgangen av månaden var 96 dagar.

Aktivitetsnivået innan den somatiske sektoren er høgare enn til same tid i 2010, medan aktiviteten i hovudsak er noko lågare innan psykisk helsevern. Unnataket er dagbehandling og poliklinisk aktivitet innan psykisk helsevern for vaksne, kor aktiviteten er høgare.

Talet på fristbrot og langtidsventande har gått litt opp i august samanlikna med dei føregåande månadene, medan talet på korridorpasientar per dag innan somatikk og psykisk helsevern har gått marginalt opp.

Akkumulert resultat pr august er kr 280,3 mill som er kr 110,1 mill betre enn budsjett. Helse Stavanger har realisert 58 % av planlagd effekt av omstillingstiltaka. Helse Fonna har framleis låg realisering på tiltaka medan Helse Førde har ei realisering på 67 % av planlagd effekt. Alle føretak med unntak av Helse Fonna, Helse Førde og fellesområdet i føretaksgruppa melder ei prognose som tilsvarer budsjettert resultatkrav. Helse Fonna har justert si prognose til å vise eit underskot på kr 10 mill som er kr 20 mill svakare enn budsjettert resultatkrav medan Helse Førde opprettheld si prognose som viser eit resultat som er kr 20 mill dårlegare enn budsjett. Helse Vest har ved utgangen av august ein netto likviditet på minus kr 658 mill. Samla sett er driftskredittramma vurdert til å vere tilstrekkeleg.

Sjukefråværet i tal sjukefråværsdagsverk er på om lag same nivå som for same månad i 2010.

Brutto og netto månadsverk ligg framleis høgare for alle månadar så langt i 2011, samanlikna med 2010.

Tiltrua til spesialisthelsetenesta er i august på 81 prosent, opp frå 78 prosent i juni. Inntrykket av det regionale helseføretaket er på 62 prosent, som er ein framgang på 4 prosentpoeng frå juni. Framgangen er statistisk signifikant.

Styret la vekt på at føretaka må intensivere arbeidet med å nå krava i Styringsdokumentet i forhold til fristbrot og ventetid.

Styret ba om å få ei orientering om forskjellane mellom ulike yrkesgrupper i forhold til deltidsarbeid på neste styremøte.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tok rapporteringa frå verksemda per 31. august 2011 til etterretning.
2. Styret ba Helse Fonna gjennomføre tiltak med tilstrekkeleg effekt slik at målet om økonomisk balanse kan nås.

B 103/11 Tildeling av internt lån til Helse Stavanger for kjøp av medisinsk teknisk utstyr

Oppsummering:

Helse Stavanger har fått tilbod frå Sandnes Radiologiske Senter (SRS) om overtaking av ein MR, CT og skjelettlab. Styret i Helse Stavanger har gitt administrerande direktør fullmakt til å gjennomføre kjøpet og søke Helse Vest om internt lån på kr 17 mill. Det er en føresetnad at det ikkje finn stad nokon verksemdoverføring og at Helse Stavanger får etablert leigeavtale for dei aktuelle lokala. Helse Stavanger må drive den aktuelle aktiviteten innafor dagens driftsramme.

Utfordringa til Helse Stavanger er at dei ikkje har muligheit til å frigjere tilstrekkeleg likviditet til kjøp av utstyret utan at det går ut over andre høgt prioriterte investeringsprosjekt. Helse Vest har med basis i oppnådd resultat for 2010 vurdert det slik at det er likviditetsmessig rom for å kunne tildele Helse Stavanger eit internt lån på kr 17 mill.

Administrerande direktør vil etter ei samla vurdering tilrå at det blir gitt eit lån til Helse Stavanger på kr 17 mill til kjøp av ein MR, CT og skjelettlab frå Sandnes Radiologiske Senter.

Lånet må ha ein tilbakebetalingstid som samsvarer med attverande levetid for det aktuelle utstyret. Renta blir fastsett med basis i gjennomsnittleg rentenivå på konsernkonto tillagt ein margin på 0,4%.

Vedtak (samrøystes):

1. Helse Stavanger HF får tildelt eit ekstra internt lån på kr 17 mill til anskaffing av nødvendig medisinsk teknisk utstyr.
2. Det skal etablerast låneavtale der det blir gitt ein tilbakebetalingstid som samsvarar med attverande levetid på utstyret. Renta blir fastsett med basis i gjennomsnittleg rentenivå på konsernkonto tillagt ein margin på 0,4%.

B 104/11 2. tertial rapportering på krav i protokoll frå føretaksmøte og krav i oppdragsdokument 2011

Oppsummering:

Helse Vest RHF har med innspel frå føretaka utarbeidd ein tertialvis rapport på krava som er stilte i oppdragsdokumentet og føretaksprotokollen. Rapporten synleggjer at Helse Vest i hovudsak rapporterer god framdrift. Krav stilte i tilleggskdokumenta til styringsdokumenta (vedtekne av styret i Helse Vest RHF i styremøtet den 07.09.11) vil bli rapportert i årleg melding.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok saka til orientering.

B 105/11 Risikovurdering i Helse Vest per 2. tertial 2011

Oppsummering:

Helseføretaka har ved 2. tertial følgt opp risikovurderingane frå 1. tertial og særskilt vurdert om dei risikoreduserande tiltaka som blei vedtekne ved 1. tertial har hatt effekt og om dette har hatt betydning for risikonivået. Helse Vest er nøgd med den gjennomførte risikovurderinga, og er nøgd med at risikovurderingane bidreg til å halde fokus på områder med utfordringar. Tiltaka har effekt på ein del områder. I tillegg er det slik at effekten av ein del tiltak ikkje er synlege ennå. Helseføretaka melder om at dette skuldast at ein del tiltak er av langsiktig karakter, og også at det er eit relativt kort tidsrom mellom 1. og 2. tertial, inkludert sommarferie. Helse Vest RHF forventar å sjå ein større effekt av fleire tiltak etter 3. tertial.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tok saka til etterretning, og legg til grunn at helseføretaka framleis aktivt følgjer opp arbeidet med risikovurderingane.
2. Styret legg til grunn at helseføretaka spesielt følgjer opp og rapporterer til styra tiltak knytt til risikoelement som fell i raud sone, fram til risikoen er redusert.

B 106/11 Status egne læreplassar i helseføretaka

Oppsummering:

Føretaksgruppa Helse Vest er store opplærings- og kompetanseverksemdar. Det er eit stort spenn frå lærlingeordning til spesialisering.

I årleg melding for 2010 rapporterte helseføretaka:

2010	Eigne lærlingar		I samarbeid med kommunar	Totalt
	Ambulanse	Helsefagarbeidarar	Helsefagarbeidarar	
Helse Stavanger	13	42		
Helse Fonna	13		48	
Helse Bergen	32		40	
Helse Førde	14		20	
Totalt	72	42	108	222

Ambulansefaget er bra dekket i alle helseføretaka. For ambulansefaget må ein sjå lærlingeordninga i samanheng med dei tilsette som etter kvart kan ta fagprøven. Dette har vore ein av utfordringane for ein del av dei tilsette innan ambulansefaget.

For helsefagarbeidarfaget er det berre Helse Stavanger som har eigne lærlingar. Dei andre helseføretaka har etablert samarbeid med kommunane. Det er eit krav at alle lærlingar skal ha minst 4 månadar sjukehuspraksis for å få godkjent opplæringa.

Helse Stavanger hadde 64 søkjarar til 25 eigne læreplassar innan helsefagarbeidarfaget våren 2011. Det er ein betydeleg auke i høve til tidlegare år.

Helse Bergen har 40 helsefagarbeidarlærlingar i samarbeid med Bergen kommune. Helse Bergen rapporterar at dei ikkje har utfordringar med rekruttering av helsefagarbeidarar/hjelpepleiarar. Talet på lærlingar i samarbeid med kommunane aukar til 80 i 2012. Det er ein utfordring å få rekruttere tilstrekkeleg tal lærlingar til dei læreplassane som er oppretta i samarbeid med Bergen kommune.

Helse Førde har eit tett samarbeid med opplæringskontoret i Sogn- og Fjordane. Det er for tida fleire læreplassar enn det er lærlingar. Helse Førde etablerar eigne læreplassar frå hausten 2012.

Helse Fonna har samarbeid med kommunane om læreplassar og vil i tillegg etablere eigne læreplassar for helsefagarbeidarar frå hausten 2012. Helse Fonna har sett av midlar til 7-10 eigne lærlingar i helsefagarbeidarfaget per år. Helse Fonna beheld og styrkjer samarbeidet med kommunane i lærlingeordninga.

Med bakgrunn i tilbagemeldingane frå helseføretaka er det særleg i Hordaland og Sogn og Fjordane som har utfordringar med rekruttering til dei læreplassane som er etablerte. Ein må sjå nærare på korleis ein kan betre kommunikasjonen og marknadsføringa av fagopplæringa, og ikkje minst synleggjera satsinga på helsefagarbeidarfaget i sjukehusa.

Vedtak (samrøystes):

Styret viste til styresak 55/2010 og ba føretaksgruppa Helse Vest i fellesskap utvikle tilstrekkelege strategiar og aktivitetar for å nå dei langsiktige måla for rekruttering til ambulansefaget og helsefagarbeidarfaget.

B 107/11 Omgjering av hjelpepleiar- /helsefagarbeidarstillingar

Oppsummering:

God oppgåvedeling er nøkkelen til å unngå omgjering av stillingar frå hjelpepleiar/helsefagarbeidar til grupper med høgare utdanning. Det er viktig at ein har ein grundig gjennomgang av kva for oppgåver som skal løysast og kva for kompetanse og ferdigheiter ein treng.

Beregningsutvalget for Spesialisthelsetjensten, BUS, leverer kvart år ein rapport som inneheld gjennomgang av spesialisthelsetenesta, mellom anna utviklinga i årsverk. Rapporten for 2010 peikar spesielt på utviklinga for hjelpepleiarar:

” Den største prosentvise nedgangen finnes innenfor gruppen hjelpepleiere mv, en nedgang på syv prosent fra 6 300 årsverk i 2009 til 5 900 årsverk i 2010. Innenfor gruppen annet personell er det også en reduksjon, mens annet helsepersonell har en økning i antall årsverk.”

Det blei eit tydeleg taktomskifte for ein del år sidan der tal på hjelpepleiarar vart redusert i spesialisthelsetenesta. I den same perioden har det ved ulike mellomrom vort peika på manglande rekruttering av sjukepleiarar.

Helseføretaka har oppsummert:

- Helse Stavanger har omgjort 8,5 stillingar siste halvanna år, etter nøye vurdering.
- Helse Bergen har omgjort 4 – 5 stillingar dei siste 2 åra, etter nøye vurdering.
- Helse Fonna har omgjort få stillingar dei siste åra, og presiserar at fokus må vere på arbeidet med rett kompetansemiks og oppgåvedeling.
- Helse Førde har omgjort få stillingar dei siste åra, og presiserar at fokus må vere på arbeidet med rett oppgåvedeling og god tilgjengelegheit i arbeidsmarknaden.

Styremedlem Aslaug Husa viste til at det med bakgrunn i tal frå BUS-rapporten for 2010, kan sjå ut som om nedgangen i talet på hjelpepleiar/helsefagarbeidarstillingar kan vere større en det som går fram av tilbakemeldingane frå helseføretaka.

Styret la vekt på at det blir avgjerande å få til gode prosessar i helseføretaka i forhold til å oppnå ein god og framtidsretta oppgåvedeling.

Vedtak (samrøystes):

Styret syner til styresak 55/2010 der det blei peika på kva utfordringar ein vil stå overfor med omsyn til kompetanse og rekruttering. Styret føreset at helseføretaka utviklar strategiar for å utvikle god oppgåvedeling og balanse mellom yrkesgruppene. Ei balansert utvikling kan ha innverknad på fagleg og økonomisk resursutnytting.

B 108/11 Val av styremedlemmer til styra i helseføretaka - oppnemning av arbeidsutval, prosess og føringar for val av representantar

Oppsummering:

Nye styre i helseføretaka i Helse Vest skal vere oppnemnde innan utgangen av februar 2012. Det er dei eigaroppnemnde representantane som skal oppnemnast i denne omgang.

Helseføretaka forvaltar viktige samfunnsoppgåver og store ressursar på vegne av fellesskapet og er store verksemdar i samfunnet vårt. Det er viktig at dei eigaroppnemnde styremedlemmene i helseføretaka har kompetanse som kan reflektere oppgåvene i styret og utfordringane helseføretaka har. Det er vidare viktig at det blir ein grundig og god prosess fram mot val av dei ulike styra.

Formålet med denne saka er tredelt:

- Framlegg om at styret oppnemnar eit arbeidsutval for å utarbeide forslag til nye styremedlemmer i HF-styra
- Klargjere prosessen fram til val av nye styre

- Klargjere dei føringane og momenta som skal leggjast til grunn ved valet av styremedlemmer

Ved oppnemning av arbeidsutval ønskte styret å ha med styreleiar og nestleiar, samt styremedlem valt av og blant dei tilsette. Utover dette blei det lagt vekt på geografisk fordeling.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret i Helse Vest RHF oppnemnde følgjande personar til å utgjere arbeidsutval med oppgåve å utarbeide forslag til nye styremedlemmer i styra i underliggjande helseføretak:
Styreleiar, Oddvard Nilsen
Nestleiar, Aud Berit Alsaker Haynes
Styremedlem, Gerd Dvergsdal
Styremedlem, Gunnar Berge
Styremedlem, Reidun Nyborg Johansen
2. Prosessen som går fram av saksførelegget blir lagt til grunn for vidare arbeid.
3. Forslag frå arbeidsutvalet blir lagt fram for behandling i styret 01.02.2012.
4. Føringar for val av representantar til styra som er vurdert i dette saksførelegget blir lagt til grunn for samansetning av dei nye styra i helseføretaka.

B 109/11 Samhandlingsreforma – høyring, forslag til forskriftsendringar og nye forskrifter

Oppsummering:

Helse- og omsorgsdepartement har sendt forslag til endring i eksisterande forskrifter og nye forskrifter som oppfølging av ny lov om helse- og omsorgstenester og samhandlingsreforma. Det gjeld i denne omgang 9 forskrifter som det er viktig å ha på plass før ny lovgiving trer i kraft frå kommande årsskifte.

Alle forskriftene er ikkje like relevante for spesialisthelsetenesta.

Høyringa er difor konsentrert om ny forskrift om betaling for utskrivingsklare pasientar og ny forskrift om kommunal medfinansiering.

Forslag til uttale er inntatt i saksførelegget.

Stemmeforklaring:

Dei tilsettvalde styremedlemmene Lise Karin Strømme, Reidun Nyborg Johansen, Tom Guldhav og Aslaug Husa, viser til høyringar avgitt av dei tilsette sine organisasjonar nasjonalt.

Vedtak (samrøystes):

Helse Vest RHF gir uttale i tråd med forslag tatt inn i saksførelegget.

B 110/11 Etablering av nasjonal kjernejournal - høring

Oppsummering:

Saka gjeld høyring om forslag til oppretting av ein nasjonal kjernejournal med eit utval av viktige og kritiske helseopplysningar.

Føremålet er betre pasienttryggleiken ved at helsepersonell m.a. i akutte situasjonar kan ha lett tilgang til viktig informasjon om pasienten, for eksempel om legemiddelbruk, uavhengig av kor pasienten oppheld seg.

Det blir føreslått at Helse Vest støttar at det blir gitt heimel for oppretting av ein nasjonal kjernejournal.

Det er i saka tatt inn forslag til uttale.

I høyringssaker der innspela frå helseføretaka er ulike, ønskte styret ein kort oppsummering av utfordringane i saksførelegget til styret.

Stemmeforklaring:

Dei tilsettvalde styremedlemmene Lise Karin Strømme, Reidun Nyborg Johansen, Tom Guldhav og Aslaug Husa, viser til høyringar avgitt av dei tilsette sine organisasjonar nasjonalt.

Vedtak (samrøystes):

Styret i Helse Vest RHF gir uttale i tråd med forslag tatt inn i saksframlegget.

B 113/11 Høyring - utkast til forskrift om innsamling og behandling av helseopplysningar i nasjonalt register over hjarte- og karlidingar

Oppsummering:

Helse- og omsorgsdepartementet har sendt på høyring utkast til forskrift om innsamling og behandling av helseopplysningar i nasjonalt register over hjarte- og karlidingar.

Bakgrunnen for forskriftforslaget er at Stortinget gjennom endring av Helseregisterlova i mars 2010, vedtok at det skulle etablerast eit nasjonalt register over hjarte- og karlidingar.

Registeret skal bidra til å gi pasientar med hjarte- og karsjukdommar betre helsehjelp, og behovet er understrekt av både pasientorganisasjonar, forskingsmiljø og helseføretaka.

Helse Vest har henta inn synspunkt på utkast til forskrift frå helseføretaka og frå Regionalt fagsenter for medisinske kvalitetsregister.

Helse Vest sluttar seg til hovudtrekka i utkast til forskrift.

Stemmeforklaring:

Dei tilsettvalde styremedlemmene Lise Karin Strømme, Reidun Nyborg Johansen, Tom Guldhav og Aslaug Husa, viser til høyringar avgitt av dei tilsette sine organisasjonar nasjonalt.

Vedtak (samrøystes):

Helse Vest RHF gir høyringsuttale i saka slik det er føreslått i saksframlegget.

111/11 Eventuelt

Suppleringsval av styremedlemmer til styra i helseføretaka jf sak 091/11 B (ON)

Styreleiar viste til sak 091/11 B Suppleringsval av styremedlemmer til styra i helseføretaka der styret gjorde følgjande vedtak:

1. *Styret gav styreleiar fullmakt til å utpeike nye styremedlemmer i Helse Stavanger HF og Helse Førde HF til erstatning for Marit Amundsen og Reidun K. Halland.*
2. *Tenestetida for dei nye styremedlemmene vil vere fram til neste ordinære val, i februar 2012.*

Helse Stavanger HF

Styreleiar orienterte om at i Helse Stavanger har Marit Amundsen sagt seg villig til å stå i styrevervet ut den perioden hun er vald for. Hennar ønskje om å tre ut av styret er grunngjeve i at ho har flytta til austlandet. Amundsen har respondert positivt på førespurnaden om å stå ut perioden. Helseføretakslova er ikkje til hinder for at personar busett utanfor regionen er styremedlem i eit helseføretak.

Helse Førde HF

Styreleiar orienterte om at Trude Brosvik har takka ja til å bli styremedlem i Helse Førde HF etter Reidun K Halland.

Trude Brosvik er avtroppande ordførar i Gulen kommune og har vore politisk aktiv for KrF i kommune- og fylkesting sidan 1987. Brosvik har også vore medlem av KrFs sentralstyre og er fylkesleiar i Sogn og Fjordane KrF. I tillegg har ho erfaring frå rolla som styreleiar i Sparebanken Sogn og Fjordane.

Oppnemning av nytt styremedlem i Helse Førde HF vil skje i føretaksmøte.

Mediaoppslag om tilsette i Helse Stavanger som ikkje har arbeids- og opphaldstillatelse i Noreg (GB)

Gunnar Berge viste til oppslag i media om tilsette i Helse Stavanger som ikkje hadde arbeids- og opphaldstillatelse i Noreg, og ønskte tilbakemelding på om det kan vere tilsvarende forhold i andre helseføretak i Helse Vest.

I etterkant av dette er det gjort ein gjennomgang i alle helseføretak for å sikre at ingen har tilsettingsavtaler går lenger fram i tid enn godkjent arbeids- og opphaldstillatelse.

Skriv og meldingar

Følgjande skriv og meldingar var sendt ut til styret:

- Brev frå Helse Vest RHF til Helsetilsynet i Sogn og Fjordane, dagsett 140911 – Tilhøva ved ungdomspsykiatrisk avdeling (UPH) i Helse Førde
- Brev frå Helsetilsynet i Hordaland til Helse Bergen HF Voss sjukehus, dagsett 070911 – Oppfølging etter tilsyn med Helse Bergen HF Voss sjukehus 12. og 13. mai 2011
- Brev frå HOD til Helse Vest RHF, dagsett 190911 – Utviklingsprosjekt ved Nordfjord sjukehus
- Brev frå HOD til Helse Vest RHF, dagsett 050911 – Utviklingsprosjekt ved Nordfjord sjukehus
- Kopi av brev frå HOD til Advokatfirmaet Harris, dagsett 020911 - Vedrørende anmodning om utsatt iverksettelse
- Brev frå Advokatfirmaet Harris til Helse Vest RHF, dagsett 080911 – Fremtiden til de ansatte ved Nordfjord sjukehus
- Kopi av brev frå Helsefaggruppen i Nordfjord til HOD, dagsett 190911 – Mandatet til prosjekt Nordfjord sjukehus - forslag fra Helsefaggruppen
- Kopi av brev frå Helsefaggruppen i Nordfjord til Helsetilsynet i Sogn og Fjordane, dagsett 120911 – Melding av Helse Førde om avvik fra spesialisthelsetjenesteloven
- Kopi av brev frå Helsefaggruppen i Nordfjord til Helsetilsynet i Sogn og Fjordane, dagsett 130411 – Melding av Helse Førde HF til Helsetilsynet i Sogn og Fjordane
- Kopi av brev frå Nordfjordreådet til HOD, dagsett 060911 – Ope brev til helseministeren
- Kopi av brev frå Eid kommune til HOD, dagsett 020911 –

- Ope brev til helseministeren vedkomande Nordfjord sjukehus
- Kopi av brev frå Selje kommune til HOD, dagsett 010911 – Ope brev til helseministeren vedkomande Nordfjord sjukehus
- Brev frå Helse Førde HF til Helse Vest RHF, dagsett 050911 – Avklaring av fødetilbod i Sogn
- Brev fra Jondal kommune, dagsett 310811 – Søknad om overflytting frå Helse Fonna HF til Helse Bergen HF
- Brev frå Kreftforeningen til Helse Vest RHF, dagsett 120911 – Vedrørende styresak 077/10
- Brev frå Helse Vest RHF til Legemiddelinnkjøpssamarbeidet dagsett 040611 sendt som svar på brev frå RBU, dagsett 110611 – Vedrørende LIS anbefalinger av TNF alfa hemmere

Følgjande skriv og meldingar var delt ut i møtet:

- Høyring – "Evaluering av satsing på behovsdrevet innovasjon og næringsutvikling i helsesektoren" – felles høyringsuttale frå alle RHF
- Brev frå Helsetilsynet i Sogn og Fjordane til Helse Vest RHF, dagsett 210990 – "Tilhøva ved ungdomspsykiatrisk avdeling (UPH) i Helse Førde"
- Brev frå Helse Vest RHF til Helsetilsynet i Hordaland, dagsett 300911 – "Tilsyn med Helse Vest RHF – rett til nødvendig helsehjelp – psykisk helsevern for barn og unge"

- - - -

Lukka del

Møtet var lukka under handsaming av sak 112/11 B jf Offentleglova § 14, 1. ledd

B 112/11 Vurdering av administrerande direktør og regulering av løn

Oppsummering:

Etter helseføretakslova § 29 skal styret føre tilsyn med administrerande direktør. Ein del av denne oppgåva vil vere å evaluere det arbeidet administrerande direktør gjer og hans utøving av rolla som dagleg leiar for det regionale helseføretaket.

Vurdering av administrerande direktør blei gjennomført i møtet. Styreleiar informerar administrerande direktør om tilbakemeldingane frå styret i etterkant av styremøtet.

Det elektroniske spørjeskjemaet "Evaluering av styret og administrasjonen sitt arbeid", blir utsendt til alle styremedlemmer i forkant av styret si eigenevaluering på styremøte i desember. På dette skjemaet fyller styret og ut score på dei punkta som gjeld evaluering av administrerande direktør.

Vedtak (samrøystes):

Administrerande direktør si løn blei regulert opp med 3,7 % med verknad frå 1. januar 2011.

Ref. Torunn Nilsen
05.10.2011

Oddvard Nilsen	Styreleiar
Aud Berit Alsaker Haynes	Nestleiar
Ohene Aboagye	Medlem
Tom Guldhav	Medlem
Gerd Dvergsdal	Medlem
Gisle Handeland	Medlem
Torill Selsvold Nyborg	Medlem
Gro Skartveit	Medlem
Gunnar Berge	Medlem
Kjartan Longva	Medlem
Lise Karin Strømme	Medlem
Aslaug Husa	Medlem
Reidun Nyborg Johansen	Medlem